

FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM OPNINGSTIDER FOR SERVERINGSSTADER OG SALS- OG SKJENKETIDER I ÅLESUND KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL.

Heimel: Fastsett av Ålesund kommunestyre xx.xx.2024 med heimel i lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholova) § 3-7 og § 4-4, og lov av 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet (serveringslova) § 15.

I. Alminnelege reglar

§ 1. Formål

Forskrifta sitt formål er å regulere opningstider for serverings-, sals- og skjenkestader i Ålesund kommune.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for sals- og skjenkestadar i Ålesund kommune, samt serveringsstadar der det vert servert mat og drikke og der forholda ligg til rette for fortæring på staden. Som serveringsstad reknast restaurant, kafé, konditori, gatekjøkken, pub, kiosk og bensinstasjonar som sel gatekjøkkenmat.

Forskrifta gjeld ikkje for søknader om beviljing for enkelthøve etter [alkoholova § 4-5](#).

§ 3. Dispensasjon

Kommunestyret eller den som har fullmakt til det kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå reglane i denne forskrifta.

Dispensasjon for døgnopning kan gjevast for bensinstasjonar og andre serveringsstader utan alkoholskjenking når utvida opningstid verken medfører støy eller på annan måte er til vesentleg ulempe for andre.

§ 4. Saksbehandling

Søknader om sals- og skjenkebevillingar behandlast etter gjeldande lovverk og bevillingsreglement for sals- og skjenkebevillingar for Ålesund kommune. Søknader om serveringsbevilling behandlast administrativt etter reglane i [serveringsloven](#).

II. Serveringsstader

§ 5. Opningstider for serveringsstader

Serveringsstader som nemnt i [§ 2](#) utan skjenkebevilling, skal som hovudregel maksimalt ha same opningstid som skjenkestader.

III. Salsstader

§ 6. Salstid for alkoholholdig drikk i gruppe 1

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk i gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00–20.00 på kvardagar og dagen før Kristi himmelfartsdag, samt dag før 1. og 17. mai.

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk i gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00–18.00 på dagar før søn- og heilagdagdar, samt påske-, pinse-, jul- og nyttårsaftan.

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og heilag dagar.

Salet av alkoholholdig drikk i gruppe 1 må registrerast i salsstaden si kasse før salstida er slutt.

IV. Skjenkestader

§ 7. Opningstider for skjenkestader

Skjenkestader kan halde oppe frå kl. 06.00 til kl. 04.00 alle dagar.

§ 8. Skjenketider

Skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 kan skje frå kl. 06.00 til kl. 03.00 alle dagar.

Skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til kl. 03.00 alle dagar.

Skjenking både inne og ute skal opphøyre seinast en halvtime før vedtatt eller staden si eiga praktiserte opningstid. Skjenking av alkoholholdig drikk kan likevel ikkje skje etter fastsett skjenketid.

V. Ikraftsetjing

§ 9. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1. august 2024.

Samtidig vert [forskrift 27. august 2021 nr. 1803 om opningstider for serveringsstader og sals- og skjenketider for alkoholholdig drikk, Ålesund kommune, Møre og Romsdal](#) oppheva.

